



**Org nr: 983 09 1539 MVA**

**Hella 60**

**5936 Manger**

**Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035**

## **Merknad til nabovarsel for Gnr: 425 Bnr: 81**

Viser til vedlagt merknad til nabovarsel datert 27.03.2020.

Varsel vart sendt per e-post, det vart gitt kvittering for mottak den 10.03.2020.

Frist for merknad var såleis 24.03.

Vel likevel å kommentere punkta:

- Ei eventuell mindre utviding av snuplass må avtalast særskilt med Avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp.

Dette har eg kommentert i følgjebrev til søknad om tiltak;

***Tiltaket omfattar og mindre tiltak på naboeigedom, dersom dette er ok for dykk som eigar.***

***Det er ikkje søkt om, eller diskutert dette med dykk, men det vart diskutert med Radøy før samanslåinga, der ein var einig i att dette var ein vinn-vinn situasjon.***

***Her vert det ein del stein til overs ved terrenginngrep, som tiltakshavar då slepp å kjøre vekk.***

***Snuplassen drar nytta av å bli litt utvida og fint avslutta ned mot eigedom 425/81.***

***Vonar det og er ok for dykkar del.***

***Valgte å ikkje sende inn førespurnad om dette først, sidan det var enklare å forklare tiltaket via søknad.***

***Tiltaket er heller ikkje avhengig av å nytte arealet ved snuplass, det er som sagt berre ein fordel for begge partar.***

***Det vert og ein finare avslutning med skråareal mot parkeringsplass enn ei skjæring.***

***Dersom de krev signatur på eige skjema for søknad om tiltak på andre sin eigedom, ordnar eg dette med rett avdeling, men treng i desse samanslåingstider å bli peika i rett retning.***

Har sendt førespurnad via postmottak til avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp i dag (01.04).

- Vi ser frå våre kartdata at det ligg kommunale VA-leidningar i grunnen nær tiltaket.

Dette har eg og kommentert i følgjebrev;

***I blankett 5175 har eg kryssa nei på; «kan vann og avløpssledningar være i konflikt med tiltaket?»***

***Til informasjon går det vassleidning i nærleiken men denne vert tatt omsyn til og er ikkje i konflikt.***

Eg valgte å ikkje utdjupe dette, men:

Det blir ikkje sprenging nærare enn 6m frå hovudvassleidning, arbeid nærare vert evt. ved meisling.

Sprenging vil starte lengst vekk frå vassleidning.

Røyr som ikkje går ved hovudveg er eit «elvestad» røyr, altså eit synleg røyr med varmekabel.

Difor har ein full kontroll på att dette ikkje kjem i konflikt med tiltaket.

VA er såleis godt ivareteke.



**Org nr: 983 09 1539 MVA**

**Hella 60**

**5936 Manger**

**Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035**

**- Tiltaket krev løyve/dispensasjon frå byggegrense frå kommunal veg.**

Dette kan eg ikkje heilt forstå.

I føresegner til reguleringsplan for Bøvågen under §9 står det:

Elles kan garasjer for inntil 2 bilar plasserast mot nabogrense, men innanfor regulerte byggjegrænse. Ingen del av bygningen må stikka stikka utover nabogrense.

Der lende eller andre tilhøve gjer det vanskeleg å leggja garasje på eiga tomt, kan bygningsrådet visa til tomt for felles garasjeanlegg.

Etter det eg kan sjå i arealplankartet er det ikkje byggjegrænse mot veg her.

Rett nok er kartet dårleg, så eg kan sjølvstakt ta feil.

Når det gjeld bustad er ikkje avstand spesifisert, såleis gjeld sjølvstakt PBL.

Men når det er spesifisert på denne måten, reknar eg med att tanken bak var blant anna att ein kunne byggje garasje nærare vegen enn 15m utan å søkje om dispensasjon?

Det ligg mange garasjar langs den kommunale vegen i dette feltet, så her er det sikker grunnlag for å bedømme ut ifrå tidligare praksis, og det anar eg ikkje noko om.

Om eg tar feil eller missforstår sender me sjølvstakt inn søknad om dispensasjon for dette.

Mvh

Marius Tenden

Ansvarleg søkar

Hammar-Kameratane AS

Sandane 01.04.2020